



Oppgjørs Partner AS
Brygga 11
2317 HAMAR

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1134 - 19/13398

Saksbehandlar:
Anngunn Marie Gullbrå
Anngunn.Gullbra@meland.kommune.no

Dato:
30.04.2019

Godkjenning av seksjonering - gbnr 141/72 Kvamme nedre

Administrativt vedtak. Saknr: 250/19

Saksutgreiing

Kommunen har motteke søknad om seksjonering av eigedommen gbnr 141/72 i Lindås, med adressene Stølhaugane 5A og 5B.

På eigedommen er det godkjent vertikaldelt 2-mannsbustad, med 2 likeverdige bueiningar. Begge bueiningane går over 2 etasjar.

Alt areal på eigedommen utanfor bygningskroppar er registrert som fellesareal for dei 2 seksjonane i matrikkelen.

Det er avsatt tilstrekkeleg areal til parkering på eigedommen.

Det er utarbeidd og lagt ved vedtekter for sameiet Stølhaugane 5, gbnr 141/72 i Lindås kommune.

Vurdering:

Søknad om seksjonering er i 3 eksemplar og har fylgjande vedlegg:

- Situasjonsskart som tydeleg viser eigedomsgrensar og plassering av 2-mannsbustad.
- Planteikningar av vertikaldelt 2-mannsbustad 2 plan, der seksjonsnummera og type rom er påskrive.
- Vedtekter for sameiet Stølhaugane 5, som oppfyller minstekravet til slike vedtekter.
- Eiger er Majo Eigedom AS og Søknaden er signert av styrets leder Magnus Johan Helgesen som har signaturrett. Søknaden er sendt inn av Oppgjørs Partner AS v/ Helge Tronnes

Etter gjennomgang av søknad med vedlegg, finn ein at søknaden stettar vilkåra i Lov om eigarseksjonar §7.



Vedtak

Lindås kommune godkjenner, i medhald av §13 i Lov om eigarseksjonar av 16.juni 2017 nr.65, søknad om oppdeling i 2 eigarseksjonar for gbnr 141/72 i Lindås, Sameiet Stølhaugane 5, på grunnlag av søknad med vedlegga situasjonskart, planteikningar og vedtekter.

Seksjonane 1 og 2 er likeverdige bustadseksjonar med sameigebrøken ½ kvar. Seksjonane er klart avgrensa i høve til kvarandre med delevegg mellom dei.

Det er avsatt tilstrekkeleg areal til parkering på eigedommen.

Seksjoneringa av eigedommen gbnr 141/72 er godkjent og ført i matrikkelen. Seksjoneringa vert sendt til tinglysing når klagefristen på 3 veker er ute, jmf Eigarseksjonslova §§ 16 og 17.

Klage:

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf Kommuneloven §23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl, §27b.

Gebyr:

Det er fastsatt gebyr i medhald av § 15 i Lov om eigarseksjonar. Etter Lindås kommune sitt gebyrregulativ for handsaming etter Lov om eigarseksjonar pkt 14.1.1 er gebyret for 2 seksjonar kr 7250,- + tinglysingsgebyr kr 525,-

Med helsing

Tommy Veland
avdelingsleiar

Anngunn Marie Gullbrå
Avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om seksjonering - gbnr 141/72 Kvamme nedre
Kart og teikningar

Kopi til:

Majo Eigedom AS

Lindåsvegen 154 5916

ISDALSTØ

Mottakarar:

Oppgjørs Partner AS

Brygga 11 2317

HAMAR